

Besøksstrategi

# Stølsheimen landskapsvernområde



**Stølsheimen**  
**landskapsvernområde**

Rapportnr. 01- 2020

**Utførende institusjon:** *Stølsheimen verneområdestyre*  
**Kontaktperson:** *Verneområdeforvaltar*  
**Rapportnummer:** *01-2020*  
**Utgjevar:** *Stølsheimen verneområdestyre*  
**Forfattar:** *Anbjørg Nornes, Jorunn Ospedal Vallestad og Gøran Johansen*  
**Tittel:** *Besøksstrategi - Stølsheimen landskapsvernområde*  
*Visitor strategy - Stølsheimen protected landscape area*

**Framsidedfoto:** *Sendedalen, Gøran Johansen*

# Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1. Innleiing</b>  | <b>04</b> |
| 1.1 Føremål  | 06        |
| 1.2 Kort om rammeverket                                    | 06        |
| 1.2.1 Naturmangfaldlova                                    | 06        |
| 1.2.2 Verneforskrift                                       | 06        |
| 1.2.3 Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde | 07        |
| 1.2.4 Rettleiar for besøksstrategi                         | 07        |
| <b>2. Kunnskapsgrunnlaget</b>                              | <b>09</b> |
| 2.1 Sårbare naturverdiar                                   | 09        |
| 2.2 Sårbare artar  | 13        |
| 2.3 Kulturverdiar  | 15        |
| 2.4 Reiselivet   | 17        |
| 2.5 Dei besøkjande   | 18        |
| 2.6 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen       | 22        |
| <b>3. Visjon, mål og strategiske grep</b>                  | <b>29</b> |
| 3.1 Mål for besøksforvaltning                              | 29        |
| 3.2 Strategiske grep                                       | 29        |
| 3.2.1 Mål 1  | 30        |
| 3.2.2 Mål 2  | 32        |
| 3.2.3 Mål 3  | 35        |
| 3.2.4 Mål 4  | 36        |
| <b>4. Tiltaksplan</b>                                      | <b>38</b> |
| <b>5. Kjelder</b>  | <b>41</b> |

# 1. Innleiing


I Stølsheimen kan du oppleve eit vakkert, variert og dramatisk landskap som strekker seg frå fjord til fjell. Her er få moderne inngrep, men mange spor etter tidlegare tiders bruk. Området er eit mykje nytta turområde. Dette gir moglegheiter for lokal verdiskaping, men også utfordringar knytt til å ta vare på natur- og kulturverdiane.

Besøksstrategien er eit verktøy for å ivareta verneverdiane samtidig som ein legg til rette for besøkande og lokal verdiskaping. Den skisserer ein plan for tilrettelegging, styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til besøkjande.

I planen blir det mellom anna sett på kva delar av verneområdet som kan leggjast til rette for auka aktivitet, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda.

Ein god besøksforvaltning er avhengig av mange aktørar, og at ein ser verneområdet i samheng med områda rundt. Besøksstrategien er derfor eit resultat av ein grundig prosess der ulike forvaltningsmyndigheiter, grunneigarar, turlag, destinasjonsselskap og andre interesseorganisasjonar har vore inne i arbeidet. Forhåpentlegvis har dette resultert i eit dokument som vil vere nyttig for mange aktørar framover, og som kan bidra til ein strategisk og god forvaltning av verneområdet.

Besøksstrategien er utarbeida av Stølsheimen verneområdestyre på oppdrag frå Miljødirektoratet, og er eit vedlegg til Forvaltningsplanen for Stølsheimen.



Stølsheimen landskapsvernområde



Eitrestrondi naturreservat

----- Kommunegrense

## 1.1 Føremål

Føremålet med å utarbeida ein besøksstrategi er å få ei god besøksforvaltning for Stølsheimen landskapsvernområde. Dette skal gjerast gjennom å:

- Sikra at naturverdiane og kulturverdiane i verneområdet vert tatt vare på, samtidig som området skal kunne brukast til aktiv landbruksdrift og friluftsliv.
- Leggja vekt på ei betre oppleving for dei besøkjande i verneområdet.
- Auka moglegheit for lokal verdiskaping i og rundt verneområdet.

Dersom det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane tilleggjast størst vekt.

## 1.2 Kort om rammeverket

Verneforskriftene, naturmangfaldlova, forvaltningsplanen og ei rekke aktørar legg rammer for kva strategi forvaltninga kan leggja, og kva tiltak som kan gjennomførast.

### 1.2.1 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er ei overordna lov om forvaltning av naturens mangfald. Føremålsparagrafen i lova er eit grunnleggjande prinsipp og har verknad for besøksstrategien:

*§ 1. (Lovens formål)*

*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*

I tillegg skal miljørettsprinsippa §§ 8–12 leggjast til grunn når tiltak skal vurderast.

### 1.2.2 Verneforskrift

Verneforskriftene er det regelverket som er mest konkret og styrande for besøksstrategien. Forskrifta legg klare føringar for kva tiltak som kan gjennomførast i verneområdet. Det ligg klare restriksjonar på byggeaktivitet og inngrep. Det er klare restriksjonar på motorferdsel og reglar for ferdsel i området. Føremålsparagrafane er førande for besøksstrategien.

Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde

*Punkt III*

*Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*

### 1.2.3 Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde

I fylgje vedtektene til verneområdestyret skal styret utarbeida besøksstrategi for verneområdet som del av forvaltningsplanen eller som vedlegg til forvaltningsplanen. I forvaltningsplanen er reiseliv og friluftsliv omtalt i eigne kapittel der problemstilling rundt bruk og vern er diskutert. Problemstillingane i forvaltningsplanen vil vera eit godt grunnlag å byggje arbeidet med besøksstrategien på.

#### Friluftsliv

*«Tilrettelegging for friluftsliv bør medføre minst mogleg fysiske inngrep og motorisert transport. Landskapsvernområdet bør vera eit område der ein kan utøva enkelt og naturvennleg friluftsliv. I samsvar med norsk friluftstradisjon er det etter verneforskrifta fri ferdsel i landskapsvernområdet. Ein føresetnad er at ferdsla skjer omsynsfullt og med tilbørleg varsemd jf. friluftslova § 2. Friluftsliv er definert som «opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøendring og naturoppleving». Det vil sei at friluftsliv skal vera ein lite ressurskrevjande aktivitet i nær kontakt med naturen, med små krav til fysisk tilrettelegging og personleg utstyr. Enkle suppleringar og nye ruter skal berre etablerast etter nøye avveging med andre naturinteresser».*

#### Reiseliv

*«Verneområdestyret ynskjer at området skal kunne nyttast til reiseliv innanfor rammene av verneformålet. Det er viktig at alle reiselivsaktørane med tilknytning til Stølsheimen ser at det å ta vare på naturkvalitetane er ein føresetnad for berekraftig og framtidretta reiseliv. Ved bruk av området er det viktig å formidla innhaldet i allemannsretten og det ansvaret kvar einskild har for å ta omsyn til naturmiljøet».*

### 1.2.4 Rettleiar for besøksstrategi

Nasjonalparkar og større verneområde i Noreg som blir forvalta av eit styre, skal ha utarbeidd besøksstrategi for området innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde.

I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal verta størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

Merkevarestrategien for verneområda i Noreg skal takast i bruk i alle verneområde. Den nasjonale målsetjinga for merkevarestrategien er fleire besøkjande, større verdiskaping og god forvaltning av naturverdiane. Det skal vera ein felles visuell profil for alle aktørane under merket. Besøksforvaltning og besøksstrategi skal sikra ei god iverksetjing av merkevarestrategien og den visuelle profilen. Desse skal vera med å sikra høg kvalitet på informasjon og tilrettelegging.

Det skal definerast innfallsportar til verneområda. Dette omfattar utsiktspunkt, startpunkt og informasjonspunkt, som inneber ulik grad av tilrettelegging. Den nasjonale merkevareprofilen skal nyttast i innfallsportane som vert prioritet, og i verneområdet.

Tradisjonelt er innfallsportar definert som staden kor dei besøkjande set frå seg bilen og går inn i området. Men ein innfallsport kan omfatta mykje meir, mellom anna både informasjon, utsiktspunkt og aktivitet i randsona av sjølve området.

Ein innfallsport kan innehalde eit eller fleire av følgjande tilretteleggingstiltak:

**Informasjonspunkt** skal formidla utandørs informasjon om verneområda på punkt der det er naturleg å stoppe. Det kan vera aktuelt med samlokalisering ved vegbom, fin utsikt, parkeringsanlegg eller andre serviceanlegg som er retta mot vegfarande. Det treng ikkje vera i nær tilknytning til verneområdet.

**Startpunkt** kan vera der ein startar vandring inn i verneområdet. Det skal etablerast ved parkeringsområde i tilknytning til etablerte turstiar, og der det er naturlege utgangspunkt for besøkande som har tenkt seg ut på tur. Det skal ligge nær grensa til verneområdet.

**Utsiktspunkt** er høgaste nivå av tilrettelegging i ein innfallsport. Utsiktspunktet skal gje innsyn inn i verneområdet. Utsiktspunkt skal berre etablerast i verneområde med høgt besøkstal og høg attraksjonsverdi. Det skal gje eit breitt tilbud til alle grupper av besøkjande, og utsiktspunktet skal vera ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv.

## 2. Kunnskapsgrunnlaget


Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiane, reiselivsnæringa og dei besøkjande. Kulturlandskapet er ein del av verneføremålet. Tradisjonell landbruksdrift er viktig og avgjerande for å ta vare på jordbrukskulturlandskapet, og kunnskapen om landbruksnæringa vil vera eit viktig kunnskapsgrunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget vil bli samla og presentert på Fylkesatlas. Det vil vera eit viktig verktøy i møte med ulike brukargrupper for å sjå potensiale for bruk og vern av områda.

### 2.1 Sårbare naturverdiar

I Stølsheimen er det registrert ein del naturtypar som er spesielt viktige for biologisk mangfald. Desse er vist i tabellen og kartet nedanfor.

| Naturtypeområde                             | Naturtype                     | Verdi         |  |
|---|-------------------------------|---------------|--|
| Finnabotn (BN00042734)                      | Hagemark                      | Viktig        | Utvald naturtype. Slåttemark. Det er laga eigen skjøtselsplan for området.                                 |
| <u>Airekstølen</u> (BN00042705)             | Naturbeitemark                | Lokalt viktig | Grøderikt fjellområde. Referanseområde for den tradisjonelle næringsverksemda i fjellområdet.              |
| Solrenningane (BN00015892)                  | Naturbeitemark                | Viktig        | Vegetasjonen er nøysam, og ber preg av den tidlegare drifta. Dagens verdi og status er usikker.            |
| Raudberg (BN00042701)                       | Kalkrike område i fjellet     | Viktig        | Relativt stor <u>serpentinforekomst</u> i området med flora knytt til dette særprega miljøet.              |
| Grønebakktoppen (BN00042692)                | Kalkrike område i fjellet     | Viktig        | Artsrik og verdifull fjellplantelokalitet.   |
| <u>Klebberg</u> (BN00042700)                | Kalkrike område i fjellet     | Viktig        | Artsrik og verdifull fjellplantelokalitet.   |
| Solrenningane (BN00042698)                  | Myr-andre viktige førekomstar | Viktig        | Stort myrområde. Fattig vegetasjon på grunn av berggrunn av gneis.   |
| <u>Vassdalsvatnet aust</u> (BN00015837)     | Rik edellauvskog              | Viktig        | For det meste <u>almeskog</u> med innslag av gråor. Avgrensinga er unøyaktig.                              |
| <u>Storehovden</u> (BN00042698)             | Gamal fattig edellauvskog     | Viktig        | Stor eikeskog, lågurt-eikeskog, men med innslag av blåbær-eikeskog.  |
| Smørklepp (BN00042704)                      | Gamal furuskog                | Lokalt viktig | Lokaliteten ligg ved innlaupet til Finnafjorden. Den er liten og ligg i eit område der lauvskog dominerer. |
| Ortnevik <u>Vassdalsfossen</u> (BN00015838) | Fossesprøytsone               | Viktig        | Lokaliteten er grovt avgrensa og verdsettinga litt usikker.  |




Figur 2. Naturtypar i Stølsheimen som er spesielt viktige for biologisk mangfold.

### Inngripsfri natur

Det meste av Stølsheimen landskapsvernområde er eit stort, samanhengane område med inngripsfri natur, definert som område meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep. Slike store naturområde er viktige som leveområde og korridorar for arealkrevjande artar som t.d. villrein. Dei er også viktige for naturen sin evne til å tilpasse seg klimaendringar.

Dei midtre delane av verneområdet er det som blir definert som villmarksprega natur, meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep. I Sør-Noreg var berre fem prosent av naturen villmarksprega i januar 2018, og Sogn og fjordane var eit av fylka med størst tap av villmarksprega natur frå 2013 til 2018. Det er derfor svært viktig å ta vare på den inngrepsfrie naturen i Stølsheimen.



#### Inngrepsfrie områder - status 2018

- $\geq$ 5 km fra inngrep (villmarksprega natur)
- 3 - 5 km fra inngrep (sone 1)
- 1 - 3 km fra inngrep (sone 2)

Figur 3 . Dei mørkegrøne områda på kartet er villmarksprega natur, og ligg 5 km eller meir frå definerte tyngre tekniske inngrep, dei mellomgrøne områda ligg 3–5 km unna, og dei lysegrøne 1–3 km unna. Kart: fylkesatlas.

### **Stølsområde**

Det er registrert 56 lokalitetar med kjende stølar og stølsliknande lokalitetar i Stølsheimen, fleire av dei med naturtypar som hagemark og naturbeitemark som er viktige å ta vare på. Dette er naturtypar som truleg er lite sårbare for ferdsel. Den største trusselen i desse områda er attgroing av kulturlandskapet. Områda vert best tatt vare på gjennom den tradisjonelle landbruksdrifta som har vore i områda, med slått og beiting. Tilrettelegging i kulturlandskap som hagemark, naturbeitemark og selbøar må utførast på ein måte som ikkje svekker kulturverdiane.

Stølane er fyldig beskrevet i rapporten Spor etter stølsdrift i Stølsheimen. Den gjev ei fyldig utgreiing og vurdering av vegetasjonen på stølane, og framlegg om avbøtande og praktiske skjøtselstiltak for å ta vare på stølane.

Det er ikkje gjort nyare kartleggingar av naturmiljøet i Stølsheimen, og det er ynskjeleg med nye undersøkingar.

### **Våtmark**

Stølsheimen har store område med myr og anna våtmark, og det er særleg myrområda som er sårbare for ferdsel. Kor sårbare områda er, vil variere med årstidene. Myrområda er viktige område for våtmarksfugl, og er derfor ekstra sårbare i hekketida på våren/føresommaren. Det bør undersøkjast meir om ferdsel kan koma i konflikt med viktige hekkeområde.

Solrenningane er eit våtmarksområde med stor ferdsel i heile barmarksperioden. Andre viktige myrområde er deler av Torvedalen, myrområde i Skjervheims, Grøndalen, Vassdalen i Ortnevik, Valmyrane ved Kvilesteinsvatnet, Berdalen og Sendedalen. Sårbarheitsvurdering er gjennomført i 2018 i Sendedalen og Berdalen (NINA-rapport 1559). Resultat frå kartlegginga viser at område som er sårbare for ferdsel i Berdalen, er punkt med blauthol og myrstrekningar.

Aktuelle tiltak for å hindre stor slitasje på naturen er omlegging av sti og steinlegging/klopper. I Sendedalen er det nokre myrstrekningar som kan vera aktuelle for tiltak. Kartlegging av våtmarksfuglar må gjennomførast på våren for å få betre kunnskap om fuglelivet i desse områda.

## 2.2 Sårbare artar


### Villrein

Stølsheimen er del av Fjellheimen villreinområde. Villreinen er ein arealkrevjande art som vert særleg påverka av menneskeleg ferdsel og aktivitet. Reinen brukar området ulikt gjennom året, og påverknaden vil difor variera med årstidene. I sårbarheitsvurderinga gjennomført av NINA er det kalvingsområde og trekkpassasjar mellom beiteområde og til kalvingsområde som er peika på som mest sårbare for villreinen i Stølsheimen. Det er gode sommarbeite i dette villreinområdet, medan vinterbeiteressursane med lavryggar er kritiske i Stølsheimen.

Villreinen i Fjellheimen er mindre sky enn i fleire andre villreinområde. Tilrådd buffer til sensitive funksjonsområde, som mellom anna kalvingsområde og trekkområde, er 500 m (Miljøkvalitetsnorm for villrein, Kjørstad mfl. 2017).

Sårbarheitsrapporten for Sendedalen viser at trekkpassasjane på vinter og ettervinter vil vera dei mest sårbare områda når det gjeld ferdsel. Dette gjeld særleg trekkpassasjen frå Volaområdet til Sendedalen og kryssing av Rv. 13. I Berdalen er det vurdert låg sårbarheit av ferdsel i forhold til villreinen.

Kunnskapen om villreinen sin bruk av området i Stølsheimen er god, men kunnskapen er ikkje samla og tilgjengeleg i kartbasar. Villreinutvalet for Fjellheimen og villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen har sett i gang arbeid med samanstilling av kunnskap om Fjellheimen villreinområde. Det er utarbeida ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Den villreinfaglege vurderinga i sti- og løypeplanen for Voss Herad vil omhandle heile Fjellheimen villreinområde, og både villreinutvalet og villreinnemnda deltek saman med kommunane og verneområdeforvaltinga i arbeidet.



Figur 4. Villreinen sin bruk av området. Kjelde: Fylkesatlas

## Fuglar

På grunn av dei store våtmarksområda er Stølsheimen spesielt viktig for våtmarksfugl. Fleire av dei tidelegare vanlege våtmarksartane som t.d. raudstilk har i dei seinare åra hatt ein kraftig bestandsnedgang, også i fjellområde.

Storlom er fleire gongar registrert i hekkesesongen innanfor landskapsvern-området og er ein potensiell hekkefugl. Bergand var dokumentert hekkande i Bjergane i 2017, og hekkar mest truleg i fleire små vatn i verneområdet. Andre skjeldne eller raudlista artar som hekkar eller antas å hekke i området er m.a. temmincsnipe, boltitt, fjellerke, smålom, svartand og lappspurv. Fleire besøkjande og lause hundar kan vere eit problem for hekkande fuglar, og ein bør derfor undersøke dei større våtmarkssystema i området jamleg.

Det er registrert rovfugllokalitetar i området, men det er ikkje kjente lokalitetar i nær tilknytning til etablerte stiar. Det vil likevel vera viktig å fylgje med på utviklinga av bruken av området for å kunne førebygge eventuelle negative verknader på rovfugllokalitetar. Rovfugllokalitetar er unntatt offentleg innsyn, og vert difor ikkje vist på kart i rapporten.

## 2.3 Kulturverdiar


Tradisjonell landbruksdrift har forma kulturlandskapet i Stølsheimen, og er eit av verneføremåla i landskapsvernområdet. Tradisjonell bruk av området med slått og beiting er ein avgjerande aktivitet for å ta vare på kulturlandskapet. Stølsbygningane er ein viktig del av kulturlandskapet, og bruk av området fører til at bygningar vert ivaretatt. I dag er mange av stølane brukt i fritidssamanheng.

Dei mange stølstiane frå gardane til stølane er i nokre område framleis i bruk i landbrukssamanheng, men dei fleste vert nytta som turvegar. Ved at stiane vert brukt, vert dei også halde opne og vedlikehaldne. Dette er positivt for opplevinga av området. Stiane har generelt høg tåleevne for ferdsel.

Dei gamle ferdselsvegane var merkte med vardar. Mange av desse er ramla ned. Det kan vera aktuelt å bygge opp att vardane på desse stiane, både for å ta vare på kulturminna og som merking av stien for turgåarar. Gamle steinmurar kan vera i dårleg stand og må restaurerast eller rustast opp dersom det skal leggjast til rette for auka ferdsel.

Det er registrert mange fangstanlegg i Stølsheimen. Fangstanlegga er automatisk freda kulturminne.

I Gryteberg i nedste delen av Raudbergdalen er det klebersteinsførekomst. Dette er automatisk freda kulturminne. Kleberstein er ein mjuk bergart som vart nytta som emne til gryter. Det finst spor etter uttak av stein i dag. Dette er kulturminne som kan bli skadd ved rissing i steinen.



Figur 5. Stølar og kulturminne i Stølsheimen landskapsvernopråde. Kjelde: Fylkesatlas

## 2.4 Reiselivet

Reiselivsverksemdar med aktivitet i Stølsheimen landskapsvernområde tilbyr ulike aktivitetar. Det er blant anna guida fotturar og skiturar, jakt og fiske. Dei fleste verksemdene har aktivitet utanfor verneområdet. I Vik og Myrkdalen er det bygt opp fjellandsbyar som gjev ein stor auke i besøkjande til området. Begge desse områda har planar om utviding og auka besøk både sommar og vinter.

Voss kommune hadde ifølgje Statistikknett 299 316 gjestedøgn i 2018. Dei andre kommunane har for låge omsetjingstal til at dei blir vist i Statistikknett Reiseliv.

### Trender og satsingsområde

På Voss er det heilårsturisme. Det er 50/50-fordeling mellom norske og utanlandske turistar. Delen av utanlandske er dobbel så høg om sommaren som om vinteren. Det er større variasjon mellom sesongane i dei andre destinasjonane. I Flåm er det høgt besøkstal i sommarsesongen. Dei arbeider med å strekke skuldresesongen og auke aktiviteten om vinteren. Flåm har samarbeid med Myrkdalen Fjellandsby om vinterturisme.

Viktige område for profilering i Sogn er nasjonalparkane og Stølsheimen landskapsvernområde. Det er lite bruk av Stølsheimen i dag, men Destinasjon Voss og Visit Sognefjord ser potensiale for meir bruk. Destinasjonsselskapa legg vekt på at området er verna og at ein må ta særskilt omsyn. Dei har kome med innspel om at det bør utviklast eigne konsept, gjerne med eit viktig læringsmoment som kan bli ein føremon i profileringa framover.


Begge destinasjonsselskapa har sykkelturisme som satsingsområde. Visit Sognefjord satsar på sykling på grusveggar i området, og Voss satsar på terrengsykling. Myrkdalen Fjellandsby planlegg utviding av tilbod for terrengsykling i skianlegga i Myrkdalen. Vandreoppleving er ei anna stor satsing i begge destinasjonsselskapa.

*”BEVISSTHETEN OM natur- og friluftslivsopplevelser som et unikt reiselivsprodukt skal økes, og næringens ansvar for å ivareta naturen og verneverdiene skal komme klart fram. Dette innebærer at utvikling av nye produkter, og attraksjoner skal ha som grunnleggende prinsipp at de ikke fører til inngrep som forringer natur- og kulturverdiene.”*

***jf. Vegkart reiseliv-utviklingstrender mot et bærekraftig reiseliv.***

## 2.5 Dei besøkjande

Stølsheimen er eit mykje brukt og godt tilrettelagt turområde. Det er 6 DNT-hytter innanfor området og to utanfor, samt eit omfattande merka stinett mellom dei. Knytt til området har vi lokallaga Vik Turlag, Voss Utferdslag, Bergen og Hordaland Turlag, Vaksdal Turlag og Nordhordland Turlag.



Figur 6. DNT-hytter og stinettverk i Stølsheimen.

## Brukarundersøking


Det vart i 2017 gjennomført ei brukarundersøking i Stølsheimen landskapsvernområde. Der kom det fram at ein stor del av dei besøkande er lokale, frå kommunane der Stølsheimen ligg, eller frå andre kommunar i Vestland. Litt over halvparten av dei som svarte på undersøkinga oppgav å bu eller ha tilgang til hytte i nærleiken.

Dei fleste fant den informasjonen dei lette etter om Stølsheimen gjennom internett, men i tillegg fekk heile 40 prosent informasjon frå vennar og kjente. Tur-appar og turistkontor er andre viktige informasjonskjelder. Dei fleste oppgav at dei ynskjer å hente inn informasjon i forkant av avreise, eller ved innfallsportane.

Det synes i hovudsak å vere erfarne friluftsfolk som besøker Stølsheimen, der dei fleste har erfaring med fleirdagars fot- eller skiturar frå før. Dei fleste brukar det eksisterande stinettet. Ser ein på årsakene til at folk besøker Stølsheimen (figur 7), kjem den spesielle naturen på topp, etterfølgt av god tilrettelegging og at området er enkelt å ferdast i. Det at ein treff få andre, og har moglegheit til å sjå dyr og fuglar kjem også høgt opp på lista. Det verkar som dei besøkande i all hovudsak er fornøgde med dagens tilrettelegging. God merking av stiar, bruer og klopper i våte parti, skilt og informasjonstavler og parkering er blant dei viktigaste tiltaka for dei besøkande.



**Figur 5-13: Hvor viktig var de følgende årsakene for at du besøkte Stølsheimen i 2017? (N=162)**




Kilde: Basert på svar fra etterundersøkelse

Figur 7. Årsaker til at folk besøker Stølsheimen

## Hytter og hyttetettheit


Vik satsar på meir fortetting i eksisterande hyttefelt, ikkje på nye felt. Myrkdalen har planar for inntil 3400 einingar, og har bygd rundt 500 til no. Voss vil utnytta dei eksisterande felta som ligg i planen



Figur 8. Hytter i og rundt verneområda. Kjelde: Fylkesatlas

| Fylke/kommune           | Tal hytter 2017 | Endring (%) 2000-2017 | Hytter pr. 100 innb. 2017 | Endring (%) 2000-2017 |
|-------------------------|-----------------|-----------------------|---------------------------|-----------------------|
| <b>Sogn og Fjordane</b> |                 |                       |                           |                       |
| Aurland                 | 278             | +50 (+18%)            | 15,44/100                 | +3,00 (+19%)          |
| Lærdal                  | 482             | -18 (-4%)             | 22,23/100                 | -0,48 (-2%)           |
| Høyanger                | 632             | +120 (+19%)           | 15,16/100                 | +4,21 (+28%)          |
| Vik                     | 367             | +91 (+25%)            | 13,41/100                 | +4,10 (+31%)          |
| <b>Hordaland</b>        |                 |                       |                           |                       |
| Voss                    | 3103            | +1117 (+36%)          | 21,13/100                 | +6,83 (+32%)          |
| Vaksdal                 | 743             | +86 (+12%)            | 17,95/100                 | +2,28 (+13%)          |
| Modalen                 | 142             | +39 (+27%)            | 36,81/100                 | +7,71 (+21%)          |

## 2.6 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen



Figur 9. Naturverdiar og infrastruktur i Stølsheimen landskapsvernområde. Kjelde: Fylkesatlas.

### **Behov for tilrettelegging og informasjon**

Ut frå resultatane i brukarundersøkinga er informasjonen inne i verneområdet bra. Det bør prioriterast betre tilrettelegging ved nokre av innfallsportane. Dei aller fleste går på merkte stiar og er opptatt av det tradisjonelle friluftslivet. Nivået på tilrettelegginga kan fortsetja som i dag, men med utbetring på dei mest brukte stiane og på dei våtaste partia. Det kan merkast betre på stiar som går over fjelltoppar, og det kan og vera aktuelt med merking av toppturar. Det er ikkje merkte toppturar i Stølsheimen i dag. DNT-hyttene er ein "magnet" for auka besøk, på same vis som profilerte toppturar. Auka aktivitet vil sette krav til meir tilrettelegging, og dette må i så fall vere i tråd med verneforskrifta og retningslinjene til den.

### **Kulturminne og kulturlandskap**

Kulturlandskap med beitemark og stølsområde er i utgangspunktet lite sårbare for tradisjonell friluftsførsel, men det er viktig med god tilrettelegging og informasjon for å hindre konflikt med aktiv landbruksdrift. Kulturminne kan vera sårbare for påverknad gjennom ferdsel og tilrettelegging. Det må vere eit mål at ferdsel ikkje skal føra til skade på kulturlandskapet og kulturminne.

### **Sårbar natur**


For Stølsheimen vil det vera viktig å sjå på villreinen sin bruk gjennom året når ein planlegg tilrettelegging for ferdsel. Besøksstrategien må koordinerast med sti- og løypeplan for den enkelte kommune. Val av innfallsportar og tilrettelegging av stiar må skje i nært samarbeid med villreinforvaltninga.

Myrområda er den naturtypen i Stølsheimen som er mest sårbar for ferdsel. I områda med mest slitasje vil det vere aktuelt med tiltak på stiar. I tillegg er det behov for betre kartlegging og overvaking av våtmarksfugl. Ulike dyreartar brukar ulike område gjennom året, og det vil difor variera gjennom året kva område som er mest sårbare for ferdsel.

### **Samarbeid**

For å få ei god besøksforvaltning må verneområda sjåast i samanheng med områda rundt. Mange aktørar må samarbeide, slik at ein finn fleksible løysingar i balansen mellom bruk og vern. Det er viktig med godt samarbeid mellom ulike forvaltningsmyndigheiter både i og utanfor verneområdet, turlaga, grunneigarar og reiselivet.

Samarbeid med DNT og kommunane er viktig for å få på plass god merking av stiar og god skilting. Gjennom medverknadsprosessen har kommunane signalisert at det er varierende grad av kommunikasjon mellom DNT og kommunane. Det er viktig at dette samarbeidet blir betra. Mellom anna bør DNT få kontaktpersonar i dei ulike kommunane. Før DNT startar opp arbeid med merking av stiar og formidling av turar, er det viktig at parkeringssituasjonen er avklara med kommunen og grunneigarar. Dersom stiane går inn i verneområdet, må verneområdeforvaltninga kontaktast i tillegg. Kommunane kan lage eigne forskrifter for ferdsel, blant anna for sykling, snøskuter og vasskuter. Det kan også nyttast omsynssoner etter plan- og bygningslova.



Figur 10. Eksisterende startpunkt og større destinasjoner rundt Stølsheimen landskapsvernområde. Kjelde: Fylkesatlas.

### Større destinasjoner

Vik – Kommunesenter, ferjetilkomst til nordsida av Sognefjorden (Hella)

Voss – Kommunesenter med E16 som gjennomfartsåre. (Bergen-Lærdal)

Myrkdalen – Fjellandsby mellom Voss og Vik.

Modalen – Kommunesenter

Dale – Kommunesenter ved E16, del av Vaksdal kommune.

Høyanger – Kommunesenter på nordsida av Sognefjorden, tilkomst til verneområdet med ferje.

## **Innfallsportar**

Det er viktig å få definert innfallsportar til verneområda. Dette vil gje ein meir føreseieleg besøksforvaltning og meir oversiktleg bruk for dei besøkjande. Tilrettelegging ved innfallsportane i Vik og Voss bør samordnast med eksisterande informasjon om verdsarvområdet (Nærøyfjorden) der det er naturleg.

## **Startpunkt - inn i verneområdet**

Under følger ei skildring av dei ulike startpunkta som vert nytta i dag.

### Ortnevik

Sognefjorden er viktig for samferdsle i Ortnevik saman med vegen til Oppedal og Matre. Frå Ortnevik til Sylvarnes går den gamle ferdselsvegen (gangveg) som går innom alle gardane. Alle desse gardane er utan vegtilknytning, og fjorden er den viktigaste ferdselsåra. I Ortnevik er det nærbutikk, kyrkje og grendahus. Nokre hus vert leigd ut til tilreisande, og det er bygd utleigehytter. Ortnevik var tidlegare mykje brukt av turgåarar som gjekk stiane frå Norddalshytta og Solrenningane. Solrenningane er stølen til gardar i Ortnevik. Ortnevik grendalag har merkt fleire turruter i bygda, og dei har laga turkart med oversikt over rutene. Ortnevik er framleis eit viktig startpunkt for turar inn i Stølsheimen og for turar i nærområdet. Ifylgje brukarundersøkinga er det ein stor del utanlandske turistar (særleg tyske) som besøkjer Stølsheimen frå Ortnevik.

Eigarane av nærbutikken har planar om utvikling av butikken som eit informasjonsenter. Det kan vera aktuelt å legge informasjonspunkt for verneområdet i tilknytning til butikken. I Ortnevik er det lagt til rette for parkeringsplassar ved grendahuset. I tillegg er det nokre parkeringsplassar i tilknytning til butikken og i samband med ferjekaia. Til saman er det lagt til rette for ca. 30 parkeringsplassar.

### Arnafjorden/Nese

I Arnafjord er det tre mindre grender: Nese, Indrefjorden og Framfjorden. Det går buførevegar og stiar inn i Stølsheimen frå alle desse tre grendene.

Det er fleire utleigehytter i Arnafjorden, med flest på Nese. Ifylgje brukarundersøkinga er det ein stor del utanlandske turistar (særleg tyske) som går tur i Stølsheimen frå Nese. Dagens bruk av området er fotturar, både dagsturar og fleirdagsturar i Stølsheimen. Frå Arnafjorden kan turgåarar gå fleire dagar på tur i Stølsheimen på T-merkte stiar og nytta turlagshyttene.

Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som kan vera sårbare for ferdsel på merkte stiar i dette området. Det er bra med parkeringsplassar i tilknytning til startpunkt for stiar i Arnafjorden. På Tenne er det sett opp informasjonstavle om turstiar i området.

### Vikafjellsvegen

Frå Vikafjellsvegen går det T-merkt sti inn Sendedalen og vidare inn i Stølsheimen. Startpunktet er i høgjellet, og det er lett turterreng innover Sendedalen. Området vert nytta både sommar og vinter, og det har og vore nytta sykkel på denne stien. Ifylgje sårbarheitsrapporten for Sendedalen er det myrparti som er sårbare for auka ferdsel, og ferdsel kan vera negativt for trekkpassasjen for villrein frå Sendedalen over rv. 13. Det er ein god del trafikk med snøskuter i dette området, noko som fører til auka uro. Ein del av trafikken er eit resultat av friluftslivet, kvisting av skirute og kjentmannsturar for Røde Kors Hjelpekorps. I tillegg er det snøskutertransport til stølar knytt til aktiv landbruksdrift, og naudsynt transport til hytter. I Sendedalen og til Grøndalsfjellet er det stor utfart i form av dagsturar på ski fine dagar i påsken og i mai. Frå Skjelingen er det dagsturar på ski om våren. Området vert brukt av fotturistar, både norske og utanlandske. Ein stor del av dei besøkjande er lokale innbyggjarar og andre nordmenn. Ein av grunnane til dette er at det er mange stølar og hytter innover i Sendedalen og Grøndalen.

### Engjaland

Frå Reppane ovanfor Engjaland går det tursti mot Torvedalen. På veg til verneområdet går stien i ein bratt skråning med delvis bakkemyr og blautmyr. Området vert nytta som beite for sau, hest og storfe. Dyretrakk og turgåing har ført til at stien har fått store skadar. Det bør vurderast å gjera tiltak på denne innfallsåra til Stølsheimen dersom det er ynskjeleg med auka ferdsel til Torvedalen på sommaren. Rett før stølen i Reppane er det tilrettelagt med nokre få parkeringsplassar.

Fjellområdet mellom Engjaland og Torvedalen er viktig trekkområde for villrein både sommar og vinter for utveksling av dyr mellom delbestandar. Av omsyn til villrein er det difor ikkje ynskjeleg å leggje til rette for auka ferdsel i dette området på vinteren, og det må vurderast i kva grad det skal takast omsyn til villrein om sommaren.

### Bjergane/Kvilesteinsvatnet

Det går anleggsveg frå Skjelingavatnet ved Vikafjellsvegen til enden av Kvilesteinsvatnet. Bjergane er startpunkt for fleirdagarsturar til fots innover i Stølsheimen. I enden av Kvilesteinsvatnet er det kort tur til Selhamar, ein sti som er mykje nytta til dagsturar. Stien går forbi Gryteberget med registrerte kulturminne. Turgåarar har rissa namn i kulturminna.

Bjergane vert mest nytta som startpunkt for turar på barmark. Området er vanskeleg tilgjengeleg på vinteren på grunn av snøskredfare. Frå Skjelingen er det ein del dagsturar på ski om våren, men ikkje ned mot Bjergane og Kvilesteinsvatnet pga. rasfaren.

Anleggsvegen vert nytta av syklistar. Frå Bjergane til Framfjorden er det aukande aktivitet med terrengsykkel. Dette området ligg utanfor verneområdet.

Det er ikkje kjente naturtypar som er sårbare for ferdsel i dette området. Det er ikkje registrert at denne sykkelaktiviteten er negativ for området. Valmyrane vest for Kvilesteinsvatnet er våtmarksområde som kan vera sårbart område for sykling.

Det er lagt til rette med parkeringsplassar både i Bjergane og i enden av Kvilesteinsvatnet. På parkeringsplassen i Bjergane er det sett opp skilt med informasjon om verneområdet og turområdet.

### Askjellsdalen

Stien frå dammen ved Askjellsdalsvatnet er mest brukt av norske og lokale folk, og stien er mest brukt på seinsommaren og hausten. Det er merkt sti til Selhamar frå dette startpunktet. Anleggsvegen går vidare mot Holskardvatnet, der det går sti til stølane i Åsedalen og Halsetdalen. Det er ikkje registrert sårbare område for ferdsel i dette området.

For å kome til Askjelldalsvatnet er det ein lang anleggsveg innover frå Trefall. Vegene vert ikkje brøytta på vinteren. Om sommaren er det mogleg å parkera bilar i enden av anleggsvegen.

### Stølsdammen

Frå Stølsdammen går det sti mot Solrenningane og Åsedalen. Dette er eit av dei mest brukte startpunktene. Det er høg del norske turgåarar, og hovudsakleg turar på barmark. Stien går gjennom våt myr både til Solrenningane og til Åsedalen. Det er lagt steinar og klopper på store deler av stien til Solrenningane. Bergen og Hordaland Turlag ynskjer å gjera tiltak på stien til Åsedalen og, slik at den vert lettare framkomeleg. Dei ynskjer å legge betre til rette for ein rundtur frå Stølsdammen med overnatting på hyttene i Solrenningane og Åsedalen. Sårbarheitsrapporten for Berdalen viser til at tiltak med steinlegging eller klopplegging, og omlegging av deler av stien, vil gjera område mindre sårbart for ferdsel i myrområdet. Ved Stølsdammen er det lagt godt til rette med parkeringsplassar, og det er informasjonstavler sett opp av turlag og verneområdestyret.

### Sylvarnes, Hanekam og Ålrek

Det går buføresti frå Sylvarnes til Sylvarnesdalen, frå Hanekam til Hanekamstølen og frå Ålrek til Ålrekstølen. Det går også sti langs strendene utanfor verneområdet frå Eikeneset via Sylvarnes til Ortnevik. Det er ikkje kjente naturtypar og verneverdiar som er sårbare for ferdsel. Auka ferdsel kan vera positivt for grenda Sylvarnes og for båttilbodet til dei veglause gardane mellom Ortnevik og Volleviki. Gangvegen langs strendene kan gje turgåarar (barmark) ei flott oppleving av natur- og kulturlandskapet som grensar til verneområdet. På Sylvarnes har Vik Turlag avtale om drift av skulehuset som turlagshytte.

### Finnen/ Finna fjorden

Finna fjorden er del av verneområdet. Området har ikkje vegtilknytning, og all samferdsel skjer på fjorden. Det er aktiv landbruksdrift i Finnen, og det er overnatting og serveringslokale på garden. I Finnabotnen er det ikkje landbruksdrift lenger. Det er bygd gjestehus på den eine garden.

Frå Finnabotnen går det sti til Fagerdalen og Dunevollen. Natur- og kulturlandskapet er ikkje spesielt sårbart for ferdsel, og det er ikkje registrert naturtypar som er sårbare for ferdsel i dette området.

I Finnen og i Finnabotnen er det informasjonsskilt om verneområdet.

### Gullbrå

Frå Gullbrå går det sti til Torvedalen. Område er lite brukt, og det er mest lokale folk som nyttar dette området. Det er ikkje registrert sårbare område for ferdsel i dette området, men det er myrstrekningar som vil krevje utbetring ved auka ferdsel.

I startpunktet er det informasjonsskilt om verneområdet, og det er tilrettelagt med nokre få parkeringsplassar ved anleggsvegen.

### Trefall

Det er T-merkt sti frå Trefall til Selhamar og vidare innover i Stølsheimen. Det er ikkje registrert område som er sårbare for auka ferdsel. Området er lite brukt som startpunkt inn i Stølsheimen om sommaren. Dette området er meir brukt som startpunkt på vinteren. I startpunktet er det informasjonstavle for turområdet med stiar, sett opp av Bergen og Hordaland Turlag. Det er berre nokre få parkeringsplassar langs hovudvegen ved startpunktet.



## 3. Visjon, mål og strategiske grep

*”Enkelt friluftsliv i eit naturområde der kulturlandskapet med stølar og aktiv beitebruk gjev ei unik oppleving”*

-Visjon for Stølsheimen landskapsvernområde -

### 3.1 Mål for besøksstrategien

I forvaltningsplanen for Stølsheimen står det at tilrettelegging for friluftsliv bør medføre minst mogleg fysiske inngrep og motorisert transport.

Forvaltningsmålet for Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på det som kjenneteiknar området: ***eit landskap som er vakkert og dramatisk frå naturen si side og lite påverka av moderne tekniske inngrep, og med kulturlandskap og kulturminne frå det utmarksbaserte vestlandslandbruket.***

Det er eit mål å ta vare på naturmiljøet og det biologisk mangfaldet i verneområdet, i tillegg til å ta vare på mangfaldet av stølstypar og kulturlandskapstypar for framtida, og å sikre heilskapen av dette i landskapet.

#### Mål for Stølsheimen vernområde:


- Opplive Stølsheimen med lite tilrettelegging - stille og ro
- Betre tilrettelegging i område som toler auka ferdsel
- Mogleheit for auka verdiskaping i tilknytning til og i verneområdet
- Auka forståing og kunnskap om verneverdiane

### 3.2 Strategiske grep

Dei strategiske grepa og tiltaka er knytt til måla for besøksstrategien. Dei strategiske grepa beskriv dei overordna grepa/handlingane som må takast for arbeidet med besøksforvaltning i verneområda. Tiltaka er dei konkrete innsatsane som følgjer kvart strategiske grep, og som skal utførast for å nå dei ulike måla.

### 3.2.1

## Mål: Oppleva Stølsheimen med lite tilrettelegging – stille og ro



Figur 11. Skravert felt viser område der det ikkje bør tilretteleggast. Kjelde: Fylkesatlas.


## Strategiar og tiltak:

I dei kulturhistorisk og naturhistorisk viktige områda i Stølsheimen nord, Stølsheimen sør og Ortnevik-Solrenningane (figur 11) bør det ikkje leggjast til rette med nye stiar. Dette er svært fine område med høg eigenverdi, mange stølar og buføreveggar. Områda har i dag liten tilrettelegging, og det er gode moglegheiter for å oppleve stille og ro, eit område for høg-puristane. Stiane i desse områda bør ikkje T-merkast. Dei gamle ferdselsvegane kan vardast på nytt i tråd med tradisjonell bruk. Forståinga for verdien av å oppleve urørt natur og område med lite tilrettelegging vil vere viktig å få inn i formidlingsplanen.

- **sn. (Stølsheimen nord):** (Stølsheimen nord): Fagerdalsnipa og fjellområda mellom Solrenningane og Ålrekestølen og Sognefjorden bør ikkje leggjast til rette for auka ferdsel. Dette er høg fjellsområde som kan ha vanskelege vèrforhold. Det krev god naturkunnskap for å nytte desse områda.
- **ss. (Stølsheimen sør):** Styra ferdsel til etablerte stiar og buføreveggar. For å unngå slitasje i myr kan det vere aktuelt med enkel tilrettelegging. Desse områda er viktige trekkområde for villrein. I Torvedalen er det våtmarksområde for fuglar (ikkje kartlagt).  
Tiltak: Betre kartlegging av våtmarksområde
- **os. (Ortnevik-Solrenningane):** Ikkje leggje til rette og merka nye stiar der det ikkje er stiar idag, med unntak av buførestien mellom Ortnevik og Solrenningane, som bør merkast.

### 3.2.2

#### Mål: Bättre tilrettelegging i område som kan ha auka ferdsel



Figur 12: Dagens stinettverk og stadar det er aktuelt med tiltak. Kjelde: Fylkesatlas.

## Strategiar og tiltak:

- Samarbeid med kommunane og reiselivsnæringa om område som kan tilretteleggjast for ferdsel. I tilrettelagte område bør ein styre ferdsel utanom våte myrområde, eller leggje til rette med klopper eller stein. Merking skal vere på etablerte stiar. Før merking og tilretteleggjing av stiar må det gjerast avtale med grunneigarar. Det bør vurderast universell tilrettelegging i samband med etablering av innfallsportar.

*Tiltak: -Gje innspel til sti- og løypeplan i kommunane og Fjellheimen villreinområde.*

- **ov. (Ortnevik)** Styrke Ortnevik som innfallsport. Det er potensial for auka besøk i Ortnevik. Det er ikkje spesielle naturverdiar i denne delen av Stølsheimen som er sårbare for auka ferdsel av turgåarar. Unntaket er ved Vassdalsfossen der det er fossesprøytzone. I Vassdalen er det vasskjelde for husstandar i Ortnevik. Viktig å ta naudsynt omsyn ved ferdsel. Etter ynskje frå grunneigarane kan stølsvegen frå Ortnevik til Solrenningane merkast betre.

*Tiltak: -Betre merking av stølsvegen frå Ortnevik til Solrenningane med vardar og ev T-merking.*

*-Ta initiativ overfor Høyanger kommune om å leggje stølsvegen frå Ortnevik til Solrenningane inn i sti- og løypeplanen.*

*-Ta initiativ til å etablere fleire p-plassar i Ortnevik.*

*-Utgreiing av informasjon, jf tiltak formidlingsplan.*

- **vv. (Vikafjellsvegen):** Terrenget er robust, men det er ein del våte parti på stien, og stor ferdsel har nokre stader ført til utviding av stien. På desse stadane kan det vere aktuelt med klopplugging for å unngå slitasje. Området er eit viktig trekkområde for villrein, og auka ferdsel kan vere negativt for villreinen.

*Tiltak: -Vurdera omlegging av sti og nytt startpunkt i Sendedalen.*

*-Leggje om/kloppluggje delar av stien inn Sendedalen (myrområde).*

*-Ferdselsteljar.*

- **bk. (Bjergane/Kvilesteinsvatnet):** God informasjon og tilretteleggjing frå Bjergane og Kvilesteinsvatnet. Geologiske forekomster i Gryteberg.

*Tiltak: -Setje opp informasjon om kleberstein i Gryteberg.*

- **re. (Reppane):** Vurdera utbetring av sti i samband med sti- og løypeplan for Fjellheimen villreinplan.

*Tiltak: -Vurdera tilrettelegging på sårbare punkt i Reppane.*

- **ff. (Finnen/ Finnafjorden):** Området tåler auka ferdsel både på land og på fjorden. Inste del av fjorden i Finnabotnen frys til om vinteren, og det kan vera vanskeleg med tilkomst til Finnabotnen vinterstid. Det er eit serveringslokale i Finnen og fleire overnattingsplassar. Auka ferdsel i Finnen må tilretteleggjast slik at det ikkje er i konflikt med landbruksaktiviteten.

- **af. (Arnafjorden):** Styrka informasjonspunkt i Arnafjorden. Aktuelle plassar er Framfjorden, Tenne og Nese.

*Tiltak: -Informasjon om verneområdet ved startpunkt/informasjonspunkt.*

- **gb. (Gullbrå):** Vurdera informasjonspunkt knytt til butikken i Eksingedalen.

*Tiltak: -Vurdera informasjon jf. formidlingsplanen.*

- **ss. (Stølsdammen - Solrenningane - Åsedalen - Stølsdammen):** God tilrettelegging av dei etablerte og merkte stiane.

*Tiltak: -Tiltak på stien frå Steinslandsstølen til Halsetstølen for å unngå slitasje på naturen i myrområde.  
-Ferdselsteljar.*

- *Kvisting av vinterløype skal leggjast i område som ikkje er i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein.*

- *Sårbarheitsanalyser i stølsområde med stor ferdsel, som Solrenningane, Ålrekestølen, Åsedalen og Hallsetstølen.*

*Tiltak: -Vurdera fleire våtmarksområde for kartlegging og overvaking av fugleliv.*

### 3.2.3


## Mål: Moglegheit for auka verdiskaping i tilknytning til og i verneområdet

### Strategiar og tiltak:

- Stølsbus og andre bygningar i landbruket kan vere aktuelt å ta i bruk i samband med småskala reiseliv. Ved ny bruk av bygningar i verneområdet, må ein ta utgangspunkt i kva bygget er eigna til. Dersom det må gjerast bygningsmessige tilpassingar som reduserer den kulturhistoriske verdien til bygget, er bygget ueigna til endra bruk. Kulturavdelinga hjå fylkeskommunen har god kompetanse på dette feltet, og bør koplatt på tidleg i planprosessane.
- Leggje til rette for auka verdiskaping ved innfallsportar (startpunkt og informasjonspunkt). God infrastruktur ved utvalde startpunkt (toalett, parkering osv.).  
*Tiltak: -Utgjeie innfallsportar der det er moglegheit for auka verdiskaping. Mellom anna i Ortnevik, Arnafjorden, Myrkdalen og Gullbrå.*
- Nært samarbeid med næringsliv og kommunane ved tilrettelegging for auka verdiskaping i verneområde.  
*Tiltak: -Delta på møter om næringsutvikling i regi av reiselivsaktørar og kommunar -Innspeil til reiselivsplanar.*
- Større fysisk tilrettelegging skal leggjast utanfor verneområdet.
- Aktivitetar som organisert fersdel- kiting, hundespann m.m. skal ikkje føra til auka motorisert fersdel.
- Det skal takast omsyn til beiting og landbruksdrift i samband med ny tilrettelegging for fersdel. I dei områda der det er aktuelt bør det informerast på fleire språk om beitande dyr, smittefare, bandtvang og grinder.
- Ikkje tilrettelegging for sykling i verneområdet. Til dette kan anleggsvegar og alternative løyper utanfor verneområdet brukast. El-sykling vert rekna som motorisert fersdel og er ikkje tillate i verneområdet.
- God dialog med reiselivet om val av marknadsføring av turar i verneområde.  
*Tiltak: -Møter/ drøftingar mellom reiselivet, lokale aktørar og forvaltninga om val av turar i verneområde som kan marknadsførast.*

### 3.2.4

## Mål: Auka forståing og kunnskap om verneverdiane



Figur 13: Eksisterande stinettverk, startpunkt og informasjonspunkt. Kjelde: Fylkesatlas.

## Strategiar og tiltak:

- Informasjonstiltak skal fylja designmanualen for Noregs nasjonalparkar.
- **Informasjonspunkt:** Velje ut informasjonspunkt i arbeidet med formidlingsplanen. Aktuelle informasjonspunkt:
  - o Myrkdalen Fjellandsbyen (ev. òg startpunkt)
  - o Parkeringsplass på Vikafjellet, Finnbuene og på parkering ved Storehaug
  - o Vik- gjeld samordna for Stølsheimen og Nærøyfjorden.
  - o Voss, ved den nye gondolbanen på Voss (samarbeid Destinasjon Voss/Visit Sognefjord, samordna med Nærøyfjorden).
  - o Modalen (ev. òg eit startpunkt)
  - o Ortnevik
  - o Eksingedalen
- **Startpunkt:** Tilrettelagt informasjon for dei som legg ut på korte og lengre turar inn til/i verneområdet .Aktuelle startpunkt:
  - o Tenne og Nese i Arnafjorden
  - o Bommen inn til Kvilesteinsvatnet
  - o Sendedalen
  - o Storedalen/Flugedalen i Ortnevik
  - o Stølsdammen
  - o Finnen og Finnabotnen
  - o Reppane
  - o Eksingedalen
  - o Askjelldalsvatnet
- Formidling av verneverdiane og historisk bruk gjennom ein formidlingsplan. Oppfølgingspunkt i formidlingsplanen:
  - Opplæring og informasjon til tilsette i butikk og resepsjon på informasjonspunkt.*
  - Profilere Stølsheimen - formidlingsbrosjyre. (stiar-gradering-utstyr/klær)*
  - Informasjon om beitedyr i område som er viktige beiteområde.*
  - Namneskilt ved kulturminne inne i verneområdet. Meir informasjon på turisthyttene, informasjonspunkt og app. Informasjon på Norddalshytta og Varadalsbu (ligg i stinettet inn mot landskapsvernområdet).*
  - Informasjon om verneområdet og «sporlaus ferdsel» på nettsider for besøkjande. Nettsida til verneområde / ut.no / destinasjonselskap.*
  - Fylgje opp informasjonstiltak jf. brukarundersøkinga.*
  - Forstudie innfallsportar m / informasjonspunkt og startpunkt.*
  - Meir informasjon om kva som er verneverdiane, t.d. stølane. Velja ut nokre stølar som kan få betre merking og informasjon.*

## 4. Tiltaksplan

### Tiltaksplan 2019 - 2022

Tiltak er dei konkrete innsatsane som følgjer kvar strategi, og som skal utførast for å nå måla.

| Mål: Opplive Stølsheimen med lite tilrettelegging – stille og ro |                    |                         |                    |
|--|--------------------|-------------------------|--------------------|
| Tiltak - kort beskriving   | Samarbeids-aktørar | Kven gjennomfører       | Gj. føringsperiode |
| Torvedalen: <i>Betre kartlegging av våtmarksområde</i>           | SNO, grunneigar    | Verneområdeforvaltninga | 2020               |

| Mål: Betre tilrettelegging i område som kan ha auka ferdsel  |  |                          |                    |
|--|--|--------------------------|--------------------|
| Tiltak - kort beskriving   | Samarbeids-aktørar   | Kven gjennomfører        | Gj. føringsperiode |
| <i>Gje innspel til sti- og løypeplan i kommunane og Fjellheimen villreinområde</i>   | Kommunane, villreinnemda, villreinutvalet, reiselivet  | Verneområdeforvaltninga  | 2019-2022          |
| <i>Betre merking av stølsvegen frå Ortnevik til Solrenningane med vardar og ev. T-merking</i>                              | Grunneigarar, turlag.  |                          | 2020-2022          |
| <i>Ta initiativ overfor Høyanger kommune om å leggje stølsvegen frå Ortnevik til Solrenningane inn i sti- og løypeplan</i> | Høyanger kommune, grunneigarar   | Verneområdeforvaltninga  | 2020               |
| <i>Ta initiativ til å etablere fleire p-plassar i Ortnevik</i>   | Grunneigarar, Høyanger kommune   | Verneområdeforvaltninga  | 2020               |
| <i>Leggje om delar av stien inn Sendedalen (myrområde)</i>   | Grunneigarar, turlag.  | Voss Utferslag           | 2021-2022          |
| <i>Vurdera omlegging av sti og nytt startpunkt i Sendedalen</i>  | Grunneigarar, kommunane, villreinnemda, villreinutvalet, reiselivet, Verneområdeforvaltninga | Kommunane, villreinnemda | 2020-2022          |
| <i>Ferdselsteljar i Sendedalen</i>   | Verneområdeforvaltninga  | SNO                      | 2020-2022          |
| <i>Setje opp informasjon om kleberstein i Gryteberg</i>  | Fylkeskommune, grunneigarar.   | Verneområdeforvaltninga  | 2021-              |
| <i>Vurdera tilrettelegging ved sårbare punkt i Reppane</i>   | Grunneigarar, Voss Utferslag, Villreinforvalt  | Verneområdeforvaltninga  | 2021-2022          |

|   |  |                                      |               |
|---|--|--------------------------------------|---------------|
| <i>Informasjon om verneområdet ved startpunkt/<br/>informasjonspunkt i Arnafjorden: Framfjorden,<br/>Tenne, Nese</i>          | Grunneigarar,<br>turlag, Vik<br>kommune                  | Verneområde-<br>forvaltninga         | 2020-<br>2022 |
| <i>Gullbrå: Utreie informasjonspunkt</i>  | Vaksdal<br>kommune,<br>grendalag                         | Verneområde-<br>forvaltninga         | 2020-<br>2022 |
| <i>Tiltak på stien frå Steinslandsstølen til<br/>Halsetstølen</i>   | Turlag,<br>grunneigarar,<br>verneområde-<br>forvaltninga | Bergen og<br>Hordaland<br>turlag     | 2020-<br>2022 |
| <i>Stølsdammen-Halsetstølen: Ferdsesteljar</i>  | Verneområde-<br>forvaltninga                             | SNO                                  | 2020-<br>2022 |
| <i>Sårbarheitsanalyser i stølsområde med stor<br/>ferdsel,t.d. Solrenningane, Ålrekestølen, Åsedalen<br/>og Hallsetstølen</i> | SNO,<br>grunneigarar                                     | Verneområde-<br>forvaltninga         | 2020-<br>2022 |
| <i>Vurdera fleire våtmarksområde for kartlegging og<br/>overvaking av fugleliv</i>  | NOF,<br>kommunane,<br>grunneigarar                       | Verneområde-<br>forvaltninga,<br>SNO | 2020-<br>2022 |

| Mål: Moglegheit for auka verdiskaping i tilknytning til og i verneområdet  |  |                              |                                     |
|--|--|------------------------------|-------------------------------------|
| <b>Tiltak - kort beskriving</b>  | <b>Samarbeids-<br/>aktørar</b>                                 | <b>Kven<br/>gjennomfører</b> | <b>Gj.<br/>førings-<br/>periode</b> |
| <i>Delta på møter om næringsutvikling i regi av<br/>reiselivsaktørar og kommunar</i>   | Kommunane,<br>reiselivet                                       | Verneområde-<br>forvaltninga | 2019-<br>2022                       |
| <i>Innspel til reiselivsplanar</i>   | Destinasjons-<br>selskapa                                      | Verneområde-<br>forvaltninga | 2019-<br>2022                       |
| <i>Utreie innfallsportar der det er moglegheit<br/>for auka verdiskaping. Mellom anna i Ortnevik,<br/>Arnafjorden, Myrkdalen, Modalen og Gullbrå</i> | Grunneigarar,<br>kommunane,<br>turlag,<br>nærings-<br>aktørar  | Verneområde-<br>forvaltninga | 2020-<br>2022                       |
| <i>Betre informasjon ved startpunkt og<br/>informasjonspunkt</i>   | Kommunane,<br>reiselivet                                       | Verneområde-<br>forvaltninga | 2020-<br>2022                       |
| <i>Møter/ drøftingar mellom reiselivet, lokale<br/>aktørar og forvaltninga om val av turar i<br/>verneområdet som kan marknadsførast</i>             | Reiselivet,<br>lokale aktørar,<br>verneområde-<br>forvaltninga |                              | 2019-<br>2022                       |

| Mål: Auka forståing og kunnskap om verneverdiane  |  |                         |                    |
|---|--|-------------------------|--------------------|
| Tiltak - kort beskriving  | Samarbeids-aktørar                             | Kven gjennomfører       | Gj. føringsperiode |
| <i>Utarbeide formidlingsplan for verneområde</i>  | Kommunane, grunneigarar, grendalag, reiselivet | Verneområdeforvaltninga | 2019-2020          |
| <i>Utarbeide informasjonsmateriell og utforme informasjonspunkt og startpunkt for område som er valt ut i formidlingsplanen</i> | Kommunane, grunneigarar, grendalag, reiselivet | Verneområdeforvaltninga | 2019-2020          |

## 5. Kjelder

Nornes Anbjørg. **Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde.**  
Nr 1-2017

Miljødirektoratet. **Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder.**  
M415-2015

Sjørensen Ola Jacob, Oslo Economics. **Brukerundersøkelse i Stølsheimen landskapsvernområde sommeren 2017.** Nr. 2-2018

Fylkesmannen i Sogn og fjordane. **Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde.** Nr. 4- 2003.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane. **Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde.** Nr. 4- 2011

NHO Reiseliv. **Mot et bærekraftig reiseliv.**

Nettsteder:

Miljødirektoratet **Inngrepsfri natur i miljøstatus.** (2019)

Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune .**Fylkesatlas Vestland.**  
(2019)